

# **Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning**

Tidspunkt: Måndag 4. mars 2019 kl. 1800-2030

Stad: Kommunestyresalen, Odda rådhus

Desse møtte: Steinar Langesæter, Eivind Tokheim, John Helge Rasmussen, Ørjan Angell, Ragnar Ystanes

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

## **Saker til styremøtet:**

**FUS 01/19: Meldingar**

**FUS 02/19: Rekneskap 2018 FUS 03/19: Årsmelding 2018**

**FUS 04/19: Revisjon av fiskereglar**

**FUS 05/19: Småroviltkort**

**FUS 06/19: Prisar 2019**

**FUS 07/19: Plan for ombygging av hytta ved Holmavatnet**

**FUS 08/19: Budsjett**

**FUS 09/19: Høyringssak: Riving og gjenoppbygging av stølshus i Belebotn**

**FUS 10/19: Møteplan 2019**

**FUS 11/19: Eventuelt**

Eivind Tokheim/s/      Steinar Langesæter/s/

Ørjan Angell/s/

Ragnar Ystanes/s/

Synnøva Sæbø/s/

John Helge Rasmussen/s/

## **Kopi til:**

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

## **FUS 01/19: Meldingar**

### **Saksdokument:**

2018.11.26-642.0-Fellesstyret-Oversending vedtak i sak om løyve til å fiske med garn i vatna rundt Skålsbotnen

2018.11.27-362.1.Statskog-Søknad om løyve til riving og oppbygging av nytt stølshus

2019.01.16-651.1.Borgstrøm-Aurebestandar i Ullensvang statsallmenning-Årsrapport for 2018

### **Saksutgreiing:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak

#### **Referat:**

Meldingane blei gått gjennom. Rapporten om aurebestandane i Ullensvang statsallmenning har blitt sendt ut til fjellstyremedlemmene.

#### **Vedtak (sak FUS 01/19):**

Fellesstyret tek meldingane til orientering.

## **FUS 02/19:Rekneskap 2018**

### **Saksdokument:**

- 02-19 Resultat 2018
- 02-19 Balanse 2018

### **Saksutgreiing:**

Rekneskapen for 2018 viser ein omsetnad på 212.005,-. Samla utgifter var 219.977,-. Det gir eit underskot etter renteinntekter på 7.549,-.

Rekneskapen er sendt til revisor, men revisjonen er ikkje gjennomført enno. Rekneskapen må godkjennast med atterhald om godkjenning frå revisor.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Rekneskapen blei gått gjennom, utan merknadar.

Steinar Langesæter kom med framlegg om at Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning godkjenner rekneskapen for 2018 med atterhald om godkjenning frå revisor. Styret slutta seg til dette.

**Vedtak (sak FUS 02/19):**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning godkjenner rekneskapen 2018 med atterhald om godkjenning frå revisor.

Samrøystes vedteke.

**FUS 03/19: Årsmelding 2018****Saksdokument:**

- 03-19 Utkast årsmelding 2018

**Saksutgreiing:**

Utkast til årsmelding ligg vedlagt saka.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Utkast til årsmelding blei gått gjennom. Det blei gjort nokre mindre endringar.

Steinar Langesæter kom med framlegg om at Fellesstyret vedtek årsmeldinga med dei endringane som blei gjort på møtet.

### **Vedtak (sak FUS 03/19):**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning godkjenner årsmeldinga med dei endringane som blei gjort på møtet.

Samrøystes vedteke.

## **FUS 04/19: Revisjon av fiskereglar**

### **Saksdokument:**

- 04-19 Gjeldande fiskereglar stong
- 04-19 Gjeldande fiskereglar garn
- 04-19 Notat til framlegg til nye fiskereglar for Ullensvang statsallmenning

### **Saksutgreiing:**

Sekretær ser behovet for å forenkle og presisere fiskereglane for Ullensvang statsallmenning.

Det bør leggjast til rette for ein auke i fisket. Generelt er det veldig vanskeleg å argumentere med at det nokon stad kan fiskast så mykje at det går ut over fisken i vatna. Det er ikkje mogleg å «øydeleggje» eit fiskevatn med for mykje fiske. Vatn som vert fiska for hardt er lette å opprette som gode fiskevatn på nytt. Det motsette er derimot tilfelle dersom det vert fiska for lite. Eit vatn som ikkje vert hausta, og det er god produksjon i, vert fort eit overbefolka vatn det er lite attraktivt å fiske i. Det er ikkje lett å gjere noko med ein slik situasjon utan at det vil krevje store ressursar.

Høgtliggjande vatn med avgrensa rekruttering er meir sårbare for høgt fiskepress (i form av garnfiske) enn andre vatn. Det er likevel lite truleg at ein kan klare å tømme vatnet for fisk. Når eit slikt vatn blir hardt beskatta, vil interessa for å fiske med garn i vatnet gå ned, og rekrutteringa i vatnet vil på sikt gi ein større bestand.

### **Datoavgrensing**

Å ha avgrensingar på fisket på dato verkar å vere noko utdatert. Ved å fjerne datoavgrensinga gir ein fiskarane moglegheit til å fiske når det passar dei. Oppstarten av garnfisket om sommaren er styrt av isgang, og nokre år kan det vere gode tilhøve tidleg i juli. For å forenkle reglane, og samtidig gi fiskarane fleksibilitet, blir det tilrådd å opne for alt fiske heile året.

### **Garnfiskereglar**

Garnfiskereglane er svært detaljerte. Vatna er etter dagens fiskereglar delt inn i tre kategoriar:

1. Vatn der det ikkje er tillate med større maskevidde enn 39 mm (Kvennavassdraget og Bjørnavassdraget med kringliggjande vatn)
2. Vatn der den nedre grensa for maskevidde er 35 mm (A/S Tyssefaldene sitt reguleringsområde)
3. Resten av vatna på statsallmenningen, der det ikkje er tillate med garn med maskevidde under 45 mm

Vatna i kategori 1 er vatn med god rekruttering. I desse vatna er det viktig at det blir fiska med finmaska garn for å ta ut ein del av rekrutteringa. Strategien for desse vatna er å ikkje tillate større maskevidde enn 39 mm for å avgrense beskatninga på den største fisken. Denne strategien er det tilrådeleg å halda fram med. Etter tilråding frå Reidar Borgstrøm blir det samtidig lagt opp til at alle vatna i Grøndalen skal vere i denne kategorien, då det har vore for stor rekruttering i Øvsta Grøndalsvatnet dei siste åra.

Vatna i kategori 2 er vatn med avgrensa rekruttering, men der det blir sett ut fisk i regi av Statkraft (jf. konsesjonskrav). Når det ikkje er naturleg rekruttering er det i utgangspunktet fornuftig å ha ei nedre grense for maskevidde. Samtidig vil dei som fiskar der vere ute etter å få stor og fin fisk, og vil velje maskevidde etter det. Det er difor liten fare for at det blir fiska for hardt med finmaska garn i desse vatna. For å forenkle fiskereglane er det ein fordel om det er like reglar i flest moglege vatn. I nokre av vatna er det truleg naturleg rekruttering, og då er det i alle høve ein føremon om det blir fiska med finmaska garn. Å endre til fri maskevidde i desse vatna blir vurdert som uproblematisk.

Vatna i kategori 3 er i all hovudsak høgtliggjande vatn der det grunna klimatiske tilhøve er avgrensa rekruttering. Regelen med minste maskevidde 45 mm er slik sakshandsamar vurderer det laga med utgangspunkt i at det er ein god del vatn som er naturleg fisketomme, der det har vore sett ut fisk i periodar. For å unngå at denne fisken blir teken opp før han har nådd ein god storleik, har ein difor bestemt at det ikkje skal fiskast med finmaska garn. Så langt sakshandsamar kjenner til er det ikkje sett ut fisk i regi av fjellstyret sidan 1997. Eventuell utsetjing/flytting av fisk som har gått føre seg etter dette er å rekne som ulovleg utsetjing/flytting. Fiskereglane må lagast med utgangspunkt i at det ikkje skjer ulovlege handlingar. I høgtliggjande vatn med naturleg rekruttering, kan det vere ein fordel om det blir nytta finmaska garn. Eit døme på dette er Vallgardsvatna, der det er rapportert om dårleg kondisjon som fylgje av overbefolkning. I slike vatn er det ein føremon om ein har høve til å fiske med finmaska garn. Fiskarane vil i alle høve fiske med den maskevidda dei sjølve vurderer som mest optimal for å få eit best mogleg resultat. Det er ikkje fare for at nokon kjem til å fiske hardt med finmaska garn i desse vatna. Det blir difor tilrådd å endre til fri maskevidde i desse vatna.

I dagens fiskereglar er fyljande vatn freda for fiske med garn: Sigridtjørn, Klerkatjørn, Holkatjørn, dei to Solvatna og Skrubbhølen. Sakshandsamar er ikkje kjend med bakgrunnen for at akkurat desse vatna er freda for fiske med garn. Det kan henge i hop med at det har blitt flytta fisk til nokre av desse vatna, og at ein difor har vore redd for at bestanden skal utryddast ved garnfiske. Flytting av fisk er som kjent ikkje lovleg, og sakshandsamar meiner difor at eit forbod mot garnfiske ikkje har noko for seg. Viss det ikkje er rekruttering vil bestandane dø ut, og viss det er rekruttering vil vatna tole garnfiske. Det blir difor tilrådd at det ikkje er forbod mot garnfiske i vatn på Ullensvang statsallmenning.

Det blir lagt opp til nokre endringar i vekeskort garnfiske for utanbygdsbuande. Etter tilråding frå Reidar Borgstrøm blir vatna Kollstjørn, Sledalsvatnet og Oddvyrevatnet teke ut av ordninga, då det neppe er naturleg rekruttering i dei to fyrstnemnde, og usikkert i Oddvyrevatnet. Samtidig blir det foreslått at alle Grøndalsvatna blir omfatta av ordninga. Nedsta Vassdalsvatnet er og tilrådd omfatta av denne ordninga, då det i fylgje Reidar Borgstrøm er for høg rekruttering i dette vatnet. Vidare blir det tilrådd at det blir presisert i fiskereglane at garnkortet for utanbygds også gjeld for oter i dei vatna kortet gjeld for, og for stongfiske i heile statsallmenningen.

Framlegg til endringar i fiskereglane legg til rette for meir fiske, og gir fiskarane større fleksibilitet med tanke på fisketidspunkt og maskevidda på garna. Det finns mykje kunnskap om fiskebestandane på Hardangervidda. Mykje av dette er samla på nettsida til fjellstyra <http://hardangervidda-fjellstyra.no/index.php?pagePreview=1&p=1> 128. Det finns også god kunnskap om verknaden av fiske på bestandane. Blant anna er det i rapporten «Aurebestandar i Ullensvang statsallmenning – Årsrapport for 2018» vist til at sjølv i høgtliggjande vatn der det er lite eller ingen overleving av årsklassar som er klekka i år med låge sommartemperaturar, er det likevel meir enn nok rekruttar frå dei åra som har høg sommartemperatur. Sakshandsamar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å gjere vedtak i saka (jf. naturmangfaldlova (nml.) § 8), og føre-var-prinsippet får difor ikkje betydning (jf. nml. § 9). Fiske er ein skånsam aktivitet som ikkje fører til ein nemneverdig auka belastning på økosystemet (jf. nml. § 10). Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 blir vurdert som lite aktuell i denne samanheng.

Notat frå Reidar Borgstrøm med kommentarar til framlegg til nye fiskereglar er lagt ved saka.

### **Framlegg til vedtak:**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning vedtek fyljande fiskereglar frå og med sesongen 2019:

#### Generelle fiskereglar

1. Alle som er fylt 16 år må løysa fiskekort.
2. Personar som ikkje har fylt 16 år kan fiska med stong og handsnøre utan å løysa fiskekort.
3. Alt fiske er tillate heile året.
4. Kvar fiskar kan berre nytte ei fiskestong/eit handsnøre om gongen.
5. Fiske med line og ståkrok er forbode.
6. Det er forbode å nytta levande fisk som agn.
7. Det er forbode å flytta fisk frå eit vatn til eit anna.
8. Det er forbode å setja ut fisk utan særskilt løyve frå fjellstyret.
9. Fiske med oter og garn er berre tillate for innanbygdsbuande i Ullensvang (utanom Storås og Lilleås), Odda (utanom Røldal) og bygdene Kvanndal og Lussand, mot løysing av garnfiskekort. Sjø unntak for garnkort for utanbygdsbuande (punkt 18-21).

10. Fiskaren skal ha fiskekort med seg under fisket, og når han oppheld seg på eller ferdast til eller frå fiskeplassane med fiskereiskap. Fiskaren er pliktig til å vise fram fiskekortet når dette vert kravt av fiskeoppsynet, politiet eller nokon frå fjellstyret.
11. Brot på desse fiskereglane er straffbart.

### Garnfiskereglar

12. Fiske med garn er tillate for innanbygdsbuande i Ullensvang (utanom Storås og Lilleås), Odda (utanom Røldal) og bygdene Kvanndal og Lussand mot løysing av garnfiskekort. Garnfiskekortet gjeld også for fiske med stong, handsnøre og oter i tilsvarande tidsrom.
13. Det er ikkje lovleg å setja garn nærare innfalls- og utfallsos enn 50 meter. Garn må heller ikkje nyttast i elvar, bekkar eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
14. Garna skal vera tydeleg merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synlege.
15. Maks tal garn pr. fiskar er 10 stk.
16. I fylgjande vatn er det **ikkje tillate med større maskevidde enn 39 mm (16 omfar):** Litlosvatnet, Kvennsjøen, Øvsta Krokavatnet, Midtra Krokavatnet, Nedsta Krokavatnet, Jakobsbuvatnet, Nedsta Bjørnavatnet, Øvsta Bjørnavatnet, Tuevotni, Kollsvatnet, Vassdalsvatni (ved Vetlekoll), Krokavatnet (i Sledalen), Skadvatn, Ambjørgsvatnet og Grøndalsvotni.
17. I vatn som ikkje er nemnt i punkt 16 er det fri maskevidde.

### Vekeskort garnfiske for utanbygdsbuande

18. Fjellstyret kan tilby eit avgrensa tal vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande som kan nyttast i fylgjande vatn: Nedsta Krokavatnet, Midtra Krokavatnet, Øvsta Krokavatnet, Jakobsbuvatnet, Nedsta Bjørnavatnet, Øvsta Bjørnavatnet, Sigridskarvatnet, Tuevotni, Kvennsjøen, Litlosvatnet, Kollsvatnet, Skadvatn, Ambjørgsvatnet, Krokavatnet (i Sledalen), Nedsta Vassdalsvatnet og Grøndalsvotni.
19. Garnkortet kan nyttast i heile den perioden det er opna for garnfiske, og elles etter dei fiskereglane som til ei kvar tid er gjeldande (sjå garnfiskereglar for Ullensvang statsallmenning).
20. Garnkortet gjeld også for fiske med stong og handsnøre (i alle vatn og elvar på Ullensvang statsallmenning) og oter (i vatna som er dekkja av fiskekortet) i tilsvarande tidsrom.
21. Kvar enkelt person kan berre kjøpa fiskekort for ei veke per sesong.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 28, 29 og 30.

Fjellstyret tek atterhald om at kommunen skal ha høve til å uttale seg.

### **Referat:**

Framlegg til nye fiskereglar blei gått gjennom. Det kom framlegg om å endre punkt 4 i dei generelle fiskereglane til: «**Kvar fiskar kan nytta inntil to fiskestenger/to handsnøre om gongen.**» Fellesstyret slutta seg til dette.

Fellesstyret slutta seg til framlegg til vedtak med endring av punkt 4.

### **Vedtak (sak FUS 04/19):**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning vedtek fylgjande riskereglar frå og med sesongen 2019:

#### Generelle fiskereglar

1. Alle som er fylt 16 år må løysa fiskekort.
2. Personar som ikkje har fylt 16 år kan fiska med stong og handsnøre utan å løyse fiskekort.
3. Alt fiske er tillate heile året.
4. Kvar fiskar kan nytta inntil to fiskestenger/to handsnøre om gongen.
5. Fiske med line og ståkrok er forbode.
6. Det er forbode å nytta levande fisk som agn.
7. Det er forbode å flytta fisk frå eit vatn til eit anna.
8. Det er forbode å setja ut fisk utan særskilt løyve frå fjellstyret.
9. Fiske med oter og garn er berre tillate for innanbygdsbuande i Ullensvang (utanom Storås og Lilleås), Odda (utanom Røldal) og bygdene Kvanndal og Lussand, mot løysing av garnfiskekort. Sjå unntak for garnkort for utanbygdsbuande (punkt 18-21).
10. Fiskaren skal ha fiskekort med seg under fisket, og når han oppheld seg på eller ferdast til eller frå fiskeplassane med fiskereiskap. Fiskaren er pliktig til å vise fram fiskekortet når dette vert kravt av fiskeoppsynet, politiet eller nokon frå fjellstyret.
11. Brot på desse fiskereglane er straffbart.

#### Garnfiskereglar

12. Fiske med garn er tillate for innanbygdsbuande i Ullensvang (utanom Storås og Lilleås), Odda (utanom Røldal) og bygdene Kvanndal og Lussand mot løysing av garnfiskekort. Garnfiskekortet gjeld også for fiske med stong, handsnøre og oter i tilsvarande tidsrom.
13. Det er ikkje lovleg å setja garn nærare innfalls- og utfallsos enn 50 meter. Garn må heller ikkje nyttast i elvar, bekkar eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
14. Garna skal vera tydeleg merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synlege.
15. Maks tal garn pr. fiskar er 10 stk.
16. I fylgjande vatn er det **ikkje tillate med større maskevidde enn 39 mm (16 omfar):** Litlosvatnet, Kvennsjøen, Øvsta Krokavatnet, Midtra Krokavatnet, Nedsta Krokavatnet, Jakobsbuvatnet, Nedsta Bjørnavatnet, Øvsta Bjørnavatnet, Tuevotni, Kollsvatnet, Vassdalsvatni (ved Vetlekoll), Krokavatnet (i Sledalen), Skadvatn, Ambjørgsvatnet og Grøndalsvotni.



17. I vatn som ikkje er nemnt i punkt 16 er det fri maskevidde.

#### Vekeskort garnfiske for utanbygdsbuande

18. Fjellstyret kan tilby eit avgrensa tal vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande som kan nyttast i fylgjande vatn: Nedsta Krokavatnet, Midtra Krokavatnet, Øvsta Krokavatnet, Jakobsbuvatnet, Nedsta Bjørnavatnet, Øvsta Bjørnavatnet, Sigridskarvatnet, Tuevotni, Kvennsjøen, Litlosvatnet, Kollsvatnet, Skadvatn, Ambjørgsvatnet, Krokavatnet (i Sledalen), Nedsta Vassdalsvatnet og Grøndalsvotni.
19. Garnkortet kan nyttast i heile den perioden det er opna for garnfiske, og elles etter dei fiskereglane som til ei kvar tid er gjeldande (sjå garnfiskereglar for Ullensvang statsallmenning).
20. Garnkortet gjeld også for fiske med stong og handsnøre (i alle vatn og elvar på Ullensvang statsallmenning) og oter (i vatna som er dekkja av fiskekortet) i tilsvarande tidsrom.
21. Kvar enkelt person kan berre kjøpa fiskekort for ei veke per sesong.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 28, 29 og 30.

Fjellstyret tek atterhald om at kommunen skal ha høve til å uttale seg.

Samrøystes vedteke.

## **FUS 05/19: Smårovviltkort**

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Det har kome innspel om at fjellstyret bør legge betre til rette for jakt på smårovvilt. Per i dag må dei som vil jakte til dømes raudrev kjøpe kort for småviltjakt. Dette kortet gjeld berre for perioden 15. september til 28. februar. Jaktidsramma for raudrev er 15. juli til 15. april. Eit eige jaktkort for smårovvilt gir moglegheit til å drive jakt på smårovvilt i ein lenger periode. Dersom prisen for kortet blir sett lågt, til dømes 100 kr for sesongkort, er det eit rimeleg alternativ for dei som berre er interessert i å jakte rovvilt. Andre aktuelle artar smårovvilt er røyskatt, mår, mink, kråke og ravn.

Dei aktuelle artane smårovvilt har alle livskraftige bestandar (kjelde Artsdatabanken.no). Innføring av eit smårovviltkort vil etter sakshandsamar si vurdering ikkje vere ein trugsel for bestandane av dei aktuelle artane. Auka jakt på smårovvilt vil teoretisk vere positivt for artar som lirype, fjellrype og fjellrev. Sakshandsamar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere saka (jf. nml. § 8), og føre-var-prinsippet får difor ikkje betydning, jf. naturmangfaldlova § 9. Dei aktuelle artane har robuste bestandar som i liten grad blir påverka

av andre tiltak/inngrep, jf. naturmangfaldlova § 10. Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 blir vurdert som lite aktuell i denne samanheng.

### **Framlegg til vedtak:**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning innfører eit sesongkort for smårovviltkort for artane raudrev, røyskatt mår, mink, kråke og ravn. Prisen for kortet blir sett til 100 kr for sesongen 2019-2020.

Jaktreglar:

1. Kortet gjeld for artane raudrev, røyskatt, mår, mink, kråke og ravn.
2. Jeger skal ha jaktkort med seg under jakta, og pliktar å vise det fram når dette vert kravt av jakttoppsynet, politiet eller nokon frå fjellstyret.
3. Generelle jaktreglar gjeld, jf. Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst og Forskrift om jakt- og fangsttider fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022.
4. Jakttid: 15.7-15.4., med avgrensingar innanfor denne ramma for kvar einskild art, jf. Forskrift om jakt- og fangsttider fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022.
5. Jakt er ikkje tillate i tida frå og med 24. desember til og med 31. desember, og ikkje på langfredag, påskeaftan og fyrste påskedag.
6. Jeger skal levere jaktrapport etter avslutta jakt.
7. Brot på desse reglane er straffbart.

Kortet blir seld via Inatur.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23 og 25.

Fjellstyret tek atterhald om at kommunen skal ha høve til å uttale seg.

### **Referat:**

Fellesstyret slutta seg til framlegg til vedtak.

### **Vedtak (sak FUS 05/19):**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning innfører eit sesongkort for smårovviltkort for artane raudrev, røyskatt mår, mink, kråke og ravn. Prisen for kortet blir sett til 100 kr for sesongen 2019-2020.

Jaktreglar:

1. Kortet gjeld for artane raudrev, røyskatt, mår, mink, kråke og ravn.
2. Jeger skal ha jaktkort med seg under jakta, og pliktar å vise det fram når dette vert kravt av jakttoppsynet, politiet eller nokon frå fjellstyret.

3. Generelle jaktreglar gjeld, jf. Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst og Forskrift om jakt- og fangsttider fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022.
4. Jakttid: 15.7-15.4., med avgrensingar innanfor denne ramma for kvar einskild art, jf. Forskrift om jakt- og fangsttider fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022.
5. Jakt er ikkje tillate i tida frå og med 24. desember til og med 31. desember, og ikkje på langfredag, påskeaftan og fyrste påskedag.
6. Jeger skal levere jaktrapport etter avslutta jakt.
7. Brot på desse reglane er straffbart.

Kortet blir seld via Inatur.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23 og 25.

Fjellstyret tek atterhald om at kommunen skal ha høve til å uttale seg.

Samrøystes vedteke.

## **FUS 06/19: Prisar 2019**

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Prisar 2018:

<b>Stongfiskekort:</b>	<b>Garnfiske (innanbygds):</b>
Dagskort: 100,-	Vekeskort: 250,-
2-døgnskort: 175,-	Sesongkort: 400,-
3-døgnskort: 250,-	
Vekeskort: 350,-	<b>Garnfiske (utanbygds):</b>
Sesongkort: 700,-	Vekeskort: 550,-
<b>Fellesfiskekortet:</b>	
Vekeskort: 500,-	
Sesongkort: 1.000,-	
<b>Småviltjakt:</b>	

Dagskort innanbygds: 100,-
Vekeskort innanbygds: 500,-
Sesongkort innanbygds: 1.000,-
Dagskort utanbygds: 200,-
Vekeskort utanbygds: 1.000,-
Sesongkort utanbygds: 2.000,-

Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning er førande for prissetjinga. Prisramma i forskrifta gjeld fram til 31. mars 2021. Prisane for stongfiskekort i 2018 var sett til maksimum av ramma, og det er difor ikkje aktuelt å justere desse i år.

Prisane for fellesfiskekortet blei justert i 2018, etter vedtak hjå alle fjellstyra. Frå og med 2018 kostar det 500,- for eit vekeskort, og 1000,- for sesongkort. Sekretær vurderer prisane for fellesfiskekortet til å harmonere godt med prisramma for fiske på ein statsallmenning, og meiner det ikkje er naudsynt med ei justering av prisane i år.

Sekretær vurderer prisane for garnkort til å vere på eit ok nivå, og tilrår ikkje justering av prisane i 2019.

Prisane for småviltjakt ligg noko under prisramma. Samanlikna med fjellstyra i nærleiken er prisane nokonlunde på snittet, og det blir ikkje tilrådd ein auke av prisane.

### **Framlegg til vedtak:**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning held prisane på fiske og småviltjakt uendra i 2019.

### **Referat:**

Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

### **Vedtak (sak FUS 06/19):**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning held prisane på fiske og småviltjakt uendra i 2019.

Samrøystes vedteke.

## FUS 07/19: Plan for ombygging av hytta ved Holmavatnet

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

Hytta er ei steinbu av enkel standard. Hytta framstår som i ok stand, med godt tak, og solide vegger. Langveggen er kledd inn med tre, medan det er steinvegger i kortveggene. Hytta er smal (215 innvendig breidde) og avlang (295 cm innvendig lengde). Det er sett inn omn midt på endeveggen. Det er ei seng/benk i hytta. Gjennomføring av omnsrøyr gjennom taket er ikkje i forskriftsmessig stand, og må ordnast før eventuelt utleige.



Framlegg til ombygging omfattar å flytte omnen til langveggen til venstre for inngangsdøra. På kortveggen vil det bli bygd ei køyseng. Med denne løysinga blir det sengeplass til to. Det er plass til ein kjøkenavdeling til høgre for inngangsdøra utan ombygging.

Hytta vil bli kledd inn med tre innvendig der det i dag er ope mot steinveggene. Det vil bli brukt lecakuler for å drenere mellom steinveggene og dei innvendige treveggene, og tetta med skum i overgangen mellom tak og vegg.

Det må kjøpast inn eit gassbluss, og enkelt kjøkenutstyr.

Total kostnad for ombygginga er stipulert til om lag 25-30.000,-

Det er tilrådd at hytta blir leigd ut via Scanatura i lag med hyttene til Ullensvang fjellstyre.

Tilrådd pris er 110,- per seng, som er på linje med Ullensvang fjellstyre sine steinbuer. Det er mogleg å leige ut enkeltsenger, eller heile hytta samla. I ei så lita hytte tilrår sekretær at hytta blir leigd ut samla, slik at prisen blir 220,- for ei overnatting.



### **Framlegg til vedtak:**

Hardangervidda Fjelloppsyn gjennomfører ombygging i tråd med saksutgreiinga. Hytta blir utstyr med kodeboks og leigd ut i sommarhalvåret via Scanatura i lag med hyttene til Ullensvang fjellstyre. Hytta blir leigd ut for 220,- per døgn.

### **Referat:**

Det blei diskutert om det bør opnast for å leiga ei seng, eller om ein skal leiga ut heile hytta samla. Det blei og diskutert om det er rett å leiga ut hytta fritt på Scanatura utan fyrsterettsprinsipp for innanbygdsbuande. Fellesstyret samla seg om å vedta framlegg til vedtak, og gjera ei ny vurdering av utleigeordninga før sommarsesongen 2020.

### **Vedtak (sak FUS 07/19):**

Hardangervidda Fjelloppsyn gjennomfører ombygging i tråd med saksutgreiinga. Hytta blir utstyr med kodeboks og leigd ut i sommarhalvåret via Scanatura i lag med hyttene til Ullensvang fjellstyre. Hytta blir leigd ut for 220,- per døgn. Utleigeordninga blir vurdert før sommarsesongen 2020.

Samrøystes vedteke.

## **FUS 08/19: Budsjett**

### **Saksdokument:**

- 08-19 Framlegg budsjett 2019

### **Saksutgreiing:**

### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

### **Referat:**

Fellesstyret slutta seg til framlegg til budsjett.

### **Vedtak (sak FUS 08/19):**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning vedtek framlegg til budsjett.

Samrøystes vedteke.

## **FUS 09/19: Høyrings sak: Riving og gjenoppbygging av stølshus i Belebotn**


### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Statskog har motteke søknad frå Anne Gerd Nysveen om riving og gjenoppbygging av stølshus i Søre Belebotn ved Kvennsjøen. Bygningen har fnr. 9022, og tilhøyrrer landbrukseigedomen 90/1. Garden har avgiftsfritt feste. Det er søkt om å auke frå 17 m<sup>2</sup> til 44 m<sup>2</sup>. Det nye stølshuset vil bli plassert om lag på same stad som eksisterande stølshus, men stølshuset vil bli utvida i lengderetning mot vest.

I søknaden er det opplyst om at hytta som står der i dag er i svært dårleg stand. Det er store problem med fukt, og det kjem inn mykje snø om vinteren. Søknaden er grunngeven med tilstanden til dagens hytte, og behovet for større plass i samband med tilsyn og sauesanking.






☒ = nytt stelhus-plassering

Figur 1. Omsøkt plassering i Belebotten.




Figur 2. Bilete frå søknaden.





Figur 3. Rominndeling i omsøkt stølshus.



Figur 4. Teikningar frå byggesøknaden.

Sakshandsamars vurdering:

Jf. fjellova § 12 skal fjellstyret ha høve til å gje uttale til Statskog i grunndisponeringssaker. Frå fjellova § 12: «Iverksetjing av grunndisponeringstiltak – herunder tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettshavarar vert avgjort ved skjøn.» Statskog er fyrst og fremst ute etter informasjon om tiltaket kan medføre vesentleg skade for nokon som har bruksrett.

Sakshandsamar meiner tilstanden til dagens stølshus og behovet for meir plass er godt grunngeve i søknaden. Storleiken på det planlagde bygget er innanfor retningslinjene i forvaltningsplanen for Hardangervidda nasjonalpark. Tiltaket vil vere positivt for beitebruken i området.

### **Framlegg til vedtak:**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har ingen merknadar til søknaden.

### **Referat:**

Fellesstyret slutta seg til framlegg til vedtak.

### **Vedtak (sak FUS 09/19):**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har ingen merknadar til søknaden.

Samrøystes vedteke.

## **FUS 10/19: Møteplan 2019**

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Sekretær ser det som naturleg å legge opp til eit møte tidleg i mai. Dersom ikkje noko uføresett skjer vil det ikkje bli lagt opp til nytt møte før i november.

Aktuelle veker for møta er veke 19 (byringa av mai) og 45 (byrjinga av november).

Møte i mai – veke 19 (aktuell dato tysdag 7. mai)

Aktuelle saker:

- Reinsjakta 2019

### Møte i november – veke 45 (aktuell dato tysdag 5. november)

Aktuelle saker:

- Oppsummering etter sesongen
- Plan for 2020
- Prisar 2020

### **Framlegg til vedtak:**

Det blir lagt opp til møte i Fellesstyret i veke 19 og 45. I utgangspunktet blir det lagt opp til møte på tysdagane. Dersom det blir endringar frå planen blir dette varsla snarast mogleg.

### **Referat:**

Fellesstyret slutta seg til framlegg til vedtak.

### **Vedtak (sak FUS 10/19):**

Det blir lagt opp til møte i Fellesstyret i veke 19 og 45. I utgangspunktet blir det lagt opp til møte på tysdagane. Dersom det blir endringar frå planen blir dette varsla snarast mogleg.

Samrøystes vedteke.

### **FUS 11/19: Eventuelt**

Ørjan Angell orienterte om at båten som ligg ved Håvardsvatnet er totalskada og teke heim. Det er usikkert om båten tilhøyrrer Odda fjellstyre eller Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Eigarskap til båt og eventuell rett til plass i Statkraft sitt naust blir undersøkt.

Det blei orientert frå møtet Villreinutvalet haldt om kvotefastsettinga 2019 i Kinsarvik 26. februar.